

# NÆR FOLK I HEILE NOREG

- Det er ingen grunn til at alt skal sentraliseres. Noe av det flotte med Norge er at vi har små og store steder. **Vi i Sp tror på hele Norge, ikke på et sentralisert land.**

*Trygve Slagsvold Vedum*

*#nær folk*





## **Nær folk i heile Noreg**

Senterpartiet er eit parti som trur på heile Noreg. Me har i meir enn 100 år kjempa for at det skal vere mogleg å realisere gode liv i heile landet. Noko av det mest unike med Noreg er at det bur folk i heile landet, at det finnest attraktive og gode lokalsamfunn nesten uansett kvar du reiser, anten du vitjar tettstader, småbyar, bygder eller storbyar. Lokalsamfunn som alle er forskjellige med sine særtrekk, men som til saman skapa reit Noreg me alle er så glade i. Det er inga sjølvfølgje at det er slik, og det er inga sjølvfølgje at det skal halde fram å vere slik. Senterpartiet vil føre ein politikk som gjer at folk på fritt grunnlag kan velje kvar dei vil bu, anten det er i tettstader, småbyar, bygder eller storbyar.

Byar og bygder i landet vårt, lokalsamfunna langs kysten vår, inne i fjordane våre, i fjellregionane, eller inne i skogane har alle noko til felles: Dei vart skapa av hardtarbeidande folk som ville nytte naturressursane nær seg, til å skapa eit betre liv for seg og sin familie. Alle som dyrka eller braut opp ny jord, som reiste fiskevêr eller bygde kraftverk og industri, alle var dei med på å skapa dei levande lokalsamfunna som til saman utgjer dagens Noreg. Desse vil Senterpartiet ta vare på.

Senterpartiet har trua på at ein meir aktiv politikk i større grad enn i dag kan leggje til rette for draumen om å realisere gode liv rundt om i heile landet. Me vil jobbe for at arbeidsplassar, infrastruktur, velferdstilbod, tryggleik og moglegheitene finnest over heile Noreg, i store og små samfunn.

Distriktpolitikken må ha som mål å ta vare på hovudtrekka i busetjingsmønsteret, leggje vekt på å styrkje stadene sin berekraft og folka som bur der sine levekår, vidareutvikle særpreg og ha eit breitt spekter av tiltak for å syte for gode løysingar for alle aldersgrupper. Dette krev andre løysingar i område med spreidd busetjing enn i tettbygde strøk.

## **Gode tenester nær folk**

Gode tenester nær folk gir tryggleik og ein meir føreseieleg kvardag. Alle har rett på gode tenester i nærmiljøet. Kultur- og fritidstilbod, oppvekst- og utdanningstilbod, helse- og omsorgstenester, og politi, brannvesen og ambulanse skal vere godt utbygd over heile landet. God beredskap krev lokal forankring og nærvær. Oversiktlege samfunn der ein tek vare på kvarandre og har gode levekår er den beste beredskap. Den førre regjeringa sin sentraliserande politikk råka heile landet, ikkje berre distrikta. Også i byane og i tettbygde strøk opplevde folk at tenestene vart flytta frå nærmiljøet og at lokalkunnskap nærvær og tryggleik forsvann. Ressursane som før var til stades for å førebyggje, hjelpe og lytte vart flytta ut av lokalsamfunna og inn i store, sentraliserte einingar.

Senterpartiet vil satse på å ha dei viktige tenestene i lokalsamfunn både på bygda og i tettbygde strøk. Me vil at lokalkunnskap, nærvær og tryggleik skal spele ei viktig rolle i alle lokalsamfunn. Me vil satse på nærvær og tryggleik for alle, og ja til nærleik til tenester.

Senterpartiet vil styrke det regionale utdanningstilbodet, slik at me har profesjonsutdanningar med høg kvalitet i heile landet. Me vil sikre og stryke det regionale utdanningstilbodet gjennom øyremerking av statlege midlar til fleksible og desentraliserte utdanningar for å sikre ein meir langsiktig og føreseieleg drift og studie- og høgskulesenter i heile landet. Difor vil me stryke det regionale utdanningstilbodet i



tett samarbeid med arbeidslivet og utnytte moglegheitene som ligg i digitale løysingar. Utdanning og livslang læring må vere tilgjengeleg der folk bur. Nynorsk og bokmål er jamstilte målformer i Noreg og det skal vere likeverdige opplæring i begge målformene.

Senterpartiet vil:

- Styrke politiet sitt nærvær i heile landet gjennom å styrke eksisterande politistasjonar og opprette nye tenestestader, og i tillegg sikre lokalkunnskap og nærvær for å styrke politiet sitt førebyggjande arbeid.
- Utvikle og styrke det desentraliserte sjukehusstilbodet i Noreg og flytte meir av behandlinga ut til lokalsjukehus.
- Opprette fleire distriktsmedisinske senter og helsehus sånn at fleire behandlingstilbod kan bli tilbode i kommunane.
- Fastsetje forplikande responstider for alle naudetatar.
- Fastsetje maksimal reisetid til legevakt for å sikre eit godt tilbod.
- Sikre ein desentralisert domstolstruktur med sjølvstendige domstolar som tek vare på innbyggjarane sin rettstryggleik i heile landet.
- Fjerne dei delane i inntektssystemet som straffar kommunar som ikkje slår seg saman.
- Auke bustadbygginga i distrikta, mellom anna gjennom forenkling av Plan- og bygningslova, garantiordningar og tilskot frå Husbanken.
- Gje full momskompensasjon gjennom ei regelstyrt ordning til idrett, frivilligheit og kultur.
- Stille nasjonale krav til universitet og høgskular om regionalt nærvær for å styrke det desentraliserte tilbodet og møte regionale kompetansebehov.
- Styrke Merkur-programmet som sikrar butikkar på små stader.
- Forsterke verkemidla for universell utforming.
- Styrke rolla til lokalsjukehusa i spesialisthelsetenesta og sikre akuttberedskap og tryggleik i lokalsamfunna.
- Norge skal ha ein desentralisert sjukehusstruktur som sikrar beredskap, og gir alle innbyggjarane forsvarleg og trygg behandling på sjukehus.
- At me i større grad må skilje mellom drift og investeringar slik at det ikkje må kuttast i drift for å gjere naudsynte investeringar i bygg og medisinteknisk utstyr.
- Utstyrsstipendet til ulike vidaregåande liner, og bortebruarstipendet, skal samsvare med reelle kostnader for eleven.
- Styrke samarbeidet mellom vidaregåande skular, lokalt arbeidsliv og fylkeskommunen.
- Støtte opp under tiltak som bidreg til tilbakeføring til utdanning eller arbeid.
- Styrke lågterskel psykisk helsetilbod for unge.
- Bygge opp under nærskulen som ein viktig del av grunnmuren i lokalsamfunnet.
- Syte for at det kommunale inntektssystemet sikrar eit likeverdig tenestetilbod i heile landet.
- Satse på tidleg innsats og styrke skulehelsetenesta for å førebyggje utanforskap.
- Auke finansieringa av fleksible og desentraliserte etter- og vidareutdanningstilbod.
- Satse på tidleg innsats og styrke skulehelsetenesta for å førebygge utanforskap.
- Sikre barn og unge undervisning i eit inkluderande fagleg og sosialt fellesskap.
- Endre krav til gang- og sykkelveg til sentrum og krav om anleggsbidrag ved etablering slik at det blir enklare å bygge bustadar i distriktet.



- Syte for rehabiliteringstilbod i heile landet.
- At vi i større grad må skilje mellom drift og investeringar slik at det ikkje må kuttas i drift for å gjere nødvendige investeringar i bygg og medisins-teknisk utstyr.
- Utgreie alternativ til dagens helseforetaksmodell.
- Sikre at fødetilbod og akutfunksjonar vert opprettheldt på lokalsjukehusa.
- Jobbe for en desentralisert og differensiert fødsels og barselomsorg i heile landet.
- Fødselsomsorga må styrkast ved at tilgang på jordmødrer, kort reiseveg til fødeklinikk og oppfølging etter fødselen vert lagt meir til rette for den enkelte sine behov.
- Det må jobbast for ein meir fleksibel og god tilrettelegging for småbarnsfamiliar slik at kvardagen kan levast med mindre stress og tidsklemme.
- Sikre et godt legevakttilbod til alle tilpassa lokale forhold.

### **Attraktive arbeidsplassar i heile landet**

Norsk velstand og svært mange lokalsamfunn er i stor grad bygga på bruk av våre rike naturressursar. Vidare velstandsutvikling er avhengig av nasjonal kontroll over desse. Senterpartiet ynskjer ein politikk som sikrar at bruken av desse ressursane gir verdiskaping, arbeidsplassar og heilskaplege næringskjeder frå råvare til produksjon i heile Norge. Dei små og mellomstore bedriftene utgjer ein stor del av det totale norske næringslivet. Det er difor viktig å gje desse bedriftene gode og føreseielege rammevilkår. Arbeidet med avbyråkratisering og forenkling må bli styrka og næringslivet må sikrast eit konkurransedyktig skatte- og avgiftsnivå.

Reiseliv og opplevingar er i mange lokalsamfunn ein hjørnesteinsnæring. Senterpartiet ynskjer at så mange som mogleg skal kunne oppleve alle tilboda, kulturen og naturen Noreg har å tilby som igjen skapar gode arbeidsplassar, eksportinntekter og liv verdt å leve. Difor er det viktig med å understøtte god infrastruktur, ordningar for skånsam bruk av omgjevnadane og kulturlivet om det gjeld safari i Finnmark eller matopplevingar i Oslo.

Fiskeriressursane skal framleis vere eigd av det norske folk i fellesskap. Fiskeritillingane skal bli forvalte på ein måte som ikkje bidreg til sentralisering korkje i inne i regionar eller mellom landsdelar. Senterpartiet vil at fiskeri- og havbrukspolitikken skal utformast slik at den kan bidra til å sikre tilstrekkeleg råstoff til industrien slik at det skapast lønsame bedrifter både på hav og land. Senterpartiet vil også ivareta distriktpolitiske målsetjingar om arbeidsplassar og busetjing i kystsamfunn.

Senterpartiet meiner det er viktig å oppretthalde eit aktivt landbruk i heile landet, både for å sikre norsk matproduksjon, for å oppretthalde aktivitet og infrastruktur i distrikta, og for å auke vår sjølvforsyningsgrad av mat. Jord-, skog - og naturressursar må forvaltast på ein måte som nettopp sikrar levande bygder, eit mangfaldig næringsliv, auka norsk mat- og vareproduksjon og auka sjølvforsyning. Landbruket er ein viktig brikke i vår totalberedskap, også sett frå eit tryggingperspektiv.

Moglegheitene for framtidens havbruk er store, og Senterpartiet er oppteken av at det skal leggjast til rette for vidare vekst og berekraftig utvikling i havbruksnæringa, samtidig som miljøet og livet i havet blir ivareteke. Det er viktig å sikre tilgang på gode sjølokalitetar for havbruksnæringa, og naudsynt landareal for mat- og settefiskproduksjon, som grunnlag for ei berekraftig havbruksnæring og sikre god dyrevelferd. Senterpartiet vil intensivere tiltak og verkemiddel for å hindre rømming, og spreining av lakselus. Senterpartiet er oppteken av at dagens verdiskaping frå



havbruksnæringa i større grad skal tilbakeførast til kommunar som set av areal og er vertskap til havbruksanlegg.

Ein viktig føresetnad for at det skal skapast fleire attraktive arbeidsplassar over heile landet er tilgangen på arbeidskraft. For at det skal opplevast attraktivt å flytte etter jobbane, er likevel moglegheita til å etablere seg i ein bustad utan for stor økonomisk risiko, viktig. Senterpartiet meiner at næringspolitikken og bustadpolitikken heng tett saman og vil difor ha en aktiv bustadpolitikk der både staten, kommunane og fylkeskommunar har forskjellige verkemiddel tilpassa ulike behov.

Kommunane rundt dei større byane skal vere meir enn sovebyar for pendlarar. Difor vil Senterpartiet arbeide aktivt for å leggje til rette for arbeidsplassutvikling også utanfor bykjernane slik at vi kan utnytte investeringar i infrastruktur meir samfunnsøkonomisk og fleire skal kunne finne sin arbeidsplass i nærmiljøet.

Senterpartiet vil:

- Redusere næringslivet sine kostnader knytt til pålagte reglar og utfylling av offentlege skjema med 11 milliardar kroner innan 2025, målt opp mot 2021.
- Forenkle og gjere verkemiddelapparatet for små og mellomstore bedrifter meir tilgjengeleg.
- Sikre at differensiert arbeidsgjevaravgift blir vidareført også etter 2028.
- Sikre nasjonal kontroll over norske naturressursar.
- Ha ein petroleumpolitikk med særleg vekt på langsiktig forvaltning, næringsutvikling, inntekter til fellesskapet og klima- og miljøansvar.
- At staten kjøper seg inn i selskap på område der Noreg har strategiske interesser
- Sikre landbruk i heile landet, auke norsk matproduksjon og skape forståing for berekraft gjennom matproduksjon basert på norske ressursar
- Sikre at fisken også i framtida høyrer til fellesskapet og som sikrar busetjing, aktivitet og lønsemd langs heile kysten.
- Si nei til evigvarande fiskekvotar.
- Sikre at ein større del av verdiskapinga frå havbruksnæringa blir igjen lokalt
- Sikre berekraftig utvinning av mineralressursar både på land og på sokkelen. Vurdere korleis staten kan sikre at ein større del av verdiskapinga i mineralnæringa blir igjen lokalt og nasjonalt.
- Sikre tilstrekkeleg tilgang på fornybar kraft til ny og eksisterande industri på fastlandet. Fornybar kraft skal vere eit konkurransefortrinn for norsk industri
- Auke den industrielle vidareforedlinga av skog i Noreg, mellom anna ved å sikre meir kapital til vidare utvikling av skogindustrien gjennom strategisk eigarskap, opprettinga av eit grønt statleg investeringselskap, og ei reduksjon i CO<sub>2</sub>-avgifta for næringar som nyttar og vidareforedlar grønt karbon.
- Satse på romindustrien, mellom anna gjennom aksen Andøy–Narvik–Tromsø–Svalbard.
- Utnytte handlingsrommet i EØS-avtalen med sikte på at større deler av verdiskapinga frå offentlege kontraktar skal komme norske næringar til gode.
- Få på plass fleire bygdevektstvtaler.



- Fordele veksten innanfor eksisterande statlege arbeidsplassar mellom by og land meir rettferdig, og legge nye statlege arbeidsplassar utanfor Oslo.
- Målretta og bevist satsing på FOU-miljø så dei bidreg til utvikling av nytt næringsliv og attraktive arbeidsplassar i heile landet.
- Sikre den norske sjømatnæringa rammevilkår som bidreg til økt matproduksjon og vidareforedling i Noreg.
- Sikre en variert, fiskereid og berekraftig fiskeflåte som bidreg til at fisken gir auka aktivitet, større verdiskaping og fleire heilårs arbeidsplassar i lokalsamfunn langs heile kysten. Flåten skal sikrast stabile, føreseielege og gode rammevilkår. Det er et mål for regjeringa å auke bearbeidinga av sjømat i Noreg, og samfunnskontrakten mellom hav og land skal styrkes.
- Fiskeri og havbruk utgjør ein vesentleg ressurs for norsk matproduksjon og vil i framtida også gje eit vesentleg bidrag til norsk sjølvforsyning og mattryggleik.
- Sikre løyvingar til Norske Parkar og UNESCO Global Geoparkar og bruke dette som viktige verktøy for lokal berekraftig verdiskaping.

### **Framtidsretta infrastruktur**

Infrastruktur som veg, jarnbane, hamner, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett bitt landet saman og er ein uunnverleg del av kvardagslivet for folk og bedrifter. Framtida sitt transportsystem må vere miljømessig berekraftig og vere basert på lågutsleppsløysingar. Hovudmålet er å sikre transport- og kommunikasjonstilbodet på ein måte som forenkler kvardagen til folk i heile landet. Og aukar lønsemda og utjamnar konkurransevilkåra for næringslivet gjennom å redusere avstandsulemper. Auka vedlikehald og bygging av ny infrastruktur er naudsynte tiltak for å auke sysselsetjinga i alle delar av Noreg. Dagens VA-nett er rekna til å ha om lag 160 år med etterslep. Dette er kritisk infrastruktur som lyt vere på plass også for ein god utvikling av lokalt næringsliv.

Kollektivtrafikken er ein viktig del av infrastrukturen i Noreg, og for befolkninga i distrikta er desse heilt avgjerande for at folk skal kunne nå velferdstenestene. Fylka sitt inntektssystem må tilpassast slik at også ulønsame strekningar kan sikrast drift heile året.

Senterpartiet vil:

- På sikt halvere prisen på alle rutebåtstrekningar.
- Halvere prisar på FOT-rutene og sikre fleire avgangar på kortbanenettet.
- Utarbeide en forpliktande plan for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på riksvegane.
- Saman med fylkeskommunen utarbeide ein forpliktande plan for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane, og prioritere løyvingar til vedlikehald for å kunne realisere denne.
- Saman med fylkeskommunen utarbeide ein forpliktande plan for å utbetre alle riks- og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor.
- Styrke satsinga på tiltak innan kyst, hamn og farvatn.
- Sikre tilgang til 1 Gbit/s breiband for alle husstandar og verksemder i tiltakszona og de minst sentrale kommunane i laupet av 2025.



- Sørge for eit godt drosjetilbod over heile landet blant anna ved å vidareføre taksameter for aktørar i drosjenæringa, og syte for tilknytingsplikt og generell driveplikt. Helseføretaka (Pasientreiser) skal samordne behovet for transport med fylkeskommunane og andre offentlege aktørar for å sikre grunnlaget for ein seriøs drosjenæring. Særleg er dette naudsynt for å sikre tilbodet i distrikta.
- Kommunar og fylkeskommunar må få større sjølvråderett og Statsforvaltaren sin motsegnrett må avgrensast i plan- og arealsaker.
- Arbeide for at nedbetalingstid og finansieringsmodell brukt ved utbetring av fylkesvegar må tilpassast regionar med lag ÅDT slik at bompengebelastninga ikkje blir uforholdsmessig stor.
- Samordne og sikre utbygging av lade- og fylleinfrastruktur for ulike energiberarar i heile landet.
- Ferje er ein del av vegen i kystfylka. Finansieringa av fylka sin ferje- og hurtigbåtdrift, med overgang til nullutsleppsløysingar, skal styrkast vesentleg.
- Gjennomføre ein konseptvalsutgreiing med mål om å realisere utbygging av Nord-Noregbana. Konseptvalutgreiinga skal ferdigstillast og handsamast i samband med neste rullering av Nasjonal transportplan.
- Stoppe oppsplittinga av jernbana og starte prosessen med å integrere dei ulike verksemdene.